

Årsrapport 2022






Foto: Erling Svensen. Ocean Photo. Lisens CC BY 4.0

Innhold

Del I	Styret si årsmelding for 2022	5
Del II	Introduksjon til verksemda og nøkkeltal	10
Del III	Aktivitetar og resultat i 2022	15
Del IV	Styring og kontroll i verksemda	24
Del V	Framtidsutsikter.....	28
Del VI	Årsrekneskapen	29

Forside:

Hydractinia echinata Fleming, 1828. Foto: Erling Svensen. Ocean Photo. Lisens: CC BY 4.0.

Grafisk produksjon: www.fagtrykk.no



Foto: Tiril Myhre Pedersen. Lisens CC BY 4.0

Del I Styret si årsmelding for 2022

I.1. Arbeidet til styret i 2022

Styret har det overordna ansvaret for den samla verksemda til Artsdatabanken. Det blei gjennomført seks styremøte i 2022, fire av dei elektronisk.

Fram t.o.m. 31. august 2022 sat desse i styret:

- Bror Yngve Rahm (leiar), Næringslivets Hovedorganisasjon
Vara: Julie Aslaksen, Statistisk sentralbyrå
- Vigdis Vandvik (nestleiar), Universitetet i Bergen
Vara: Rolf A. Ims, UiT Noregs arktiske universitet
- Torborg Berge, Sandnes kommune
Vara: Bård Bredesen, Oslo kommune
- Maria Pettersvik Arvnes, Norges fiskarlag
Vara: Nils Bøhn, Norges Skogeierforbund
- Kristoffer Bøhn, Sabima
Vara: Maja Aarønæs, Sabima
- Snorre Henriksen (tilsettrepresentant), Artsdatabanken
Vara: Stine Svalheim Markussen, Artsdatabanken
- Rune Moe (representant for forvaltingsbrukargruppa), Noregs vassdrags- og energidirektorat.
Vara: Kristin Nordli, Kommunal- og distriktsdepartementet

Klima- og miljødepartementet utnemnde nytt styre for Artsdatabanken med verknad frå

1. september 2022. Frå og med denne datoен sat desse i styret:

- Aina Bartmann (leiar), GMO-nettverket
Vara: Bård Øyvind Bredesen, Oslo kommune
- Bernt Erik Sæther (nestleiar), Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Vara: Inger Elisabeth Måren, Universitetet i Bergen
- Torborg Berge, Sandnes kommune
Vara: Erling Gunnufsen, Fredrikstad kommune
- Hans Asbjørn Sørli, Norges Skogeierforbund
Vara: Maria Pettersvik Arvnes, Norges Fiskarlag
- Kristoffer Bøhn, Sabima
Vara: Maja Aarønæs, Sabima
- Stine Svalheim Markussen (tilsettrepresentant), Artsdatabanken
Vara: Wouter Koch
- Rune Moe (representant for forvaltingsbrukargruppa), Noregs vassdrags- og energidirektorat.
Vara: Kristin Nordli, Kommunal- og distriktsdepartementet

Rune Moe gjekk ut av styret 21. november 2022, og i hans stad blei utnemnd

- Ivar Ekanger, (representant for forvaltingsbrukargruppa), Landbruks- og matdepartementet.
Kristin Nordli frå Kommunal- og distriktsdepartementet heldt fram som vara.

I.2. Artsdatabanken si forvaltingsbrukargruppe

Aktuelle sektorar skal vere representert i ei brukargruppe beståande av representantar frå relevante forvaltningsorgan. Klima- og miljødepartementet utnemner seks medlemmer med varamedlemmer til forvaltingsbrukargruppa etter forslag frå følgjande departement: Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Olje- og energidepartementet og Samferdselsdepartementet.

Brukargruppa skal ifølgje Artsdatabankens mandat vera eit rådgivande organ for Artsdatabankens styre og direktør, som skal sikra forvaltningsrelevans. Det blei gjennomført to møte i forvaltingsbrukargruppa i 2022. Medlemmer per 31.12.022:

- Kristin Nordli, Kommunal- og distriktsdepartementet
Varamedlemmer: Daniel Hesby Mathé, Kommunal- og distriktsdepartementet
- Frode Berntin Johansen, Noregs vassdrags- og energidirektorat
Varamedlemmer: Kristine Naas, Noregs vassdrags- og energidirektorat
- Elin Johanne Slettum, Statens vegvesen
Varamedlemmer: Jarle Waage, Jernbanedirektoratet
- Birgitte Arstein, Fiskeridirektoratet
Varamedlemmer: Anne Marie Abotnes, Fiskeridirektoratet
- Ivar Ekanger, Landbruks- og matdepartementet
Varamedlemmer:
- Ivar Myklebust, Miljødirektoratet
Varamedlemmer: Anne Sundbye, Miljødirektoratet

I.3. Kunnskap om naturen er viktigare enn nokon gong.

Sidan 2005 har vi spelt ei viktig rolle i kunnskapssamanstillinga og formidlinga innan naturmangfold i Noreg.

Artsdatabanken har lagt bak seg eit år som har vore prega av arbeid med tunge faglege leveransar som vi presenterer for samfunnet i åra som kjem, samtidig som vi byggjer om organisasjonen og måten vi arbeider på, for framtida. Det har vore eit produktivt år i Artsdatabanken.

I desember 2021 vedtok styret i Artsdatabanken ein ny strategi som skal gjelde i perioden 2022 til 2024. Den nye strategien byggjer på Artsdatabanken sitt mandat, som omtaler samfunnsoppdraget vårt som nasjonal kunnskapsbank i Noreg.

Den nye strategien peikar på fem prioriterte utviklingsområde:

1. auke tilfanget og kvaliteten på kunnskapen vi innhentar og samanliknar
2. betre på formidling
3. meir brukarorienterte og betre tilpassa til samfunnet sine behov
4. meir nytenkjande
5. meir effektive og koordinerte

Desse er meinte å tene som rettesnor for korleis vi skal utføre dette samfunnsoppdraget på ein endå betre måte enn før. Til kvart av dei prioriterte utviklingsområda er det utarbeidd ei liste med

tiltak. Spesielt vil vi peike på arbeidet vi har sett i gang for å sikre at vi aukar brukarorienteringa og tilpassar oss samfunnet sine behov. I dette arbeidet er kommunane peikt på som ei viktig målgruppe for vidare arbeid med eventuelle tilpassingsbehov i tenestene våre.

I tillegg er primærnæringane, til dømes skogbruket, viktige brukarar av våre tenester.

Organisasjonen har vakse dei siste åra, og difor har vi omorganisert verksemda og leiingsstrukturane for å skape ein organisasjon som i endå større grad støttar opp under verdiane våre: objektiv, framtidsretta og påliteleg.

Samarbeid om kunnskap er nødvendig

Samfunnsoppdraget til Artsdatabanken føreset tett dialog ikkje berre med brukarane våre, men også med dei vitskaplege institusjonane som leverer kunnskapen i tenestene våre, og vitskapleg tilsette som med kompetansen sin gjennomfører vurderingar av mellom anna trua artar, trua naturtypar og framande organismar.

Ein viktig del av arbeidet til Artsdatabanken er å halde oversikt over kva artar som finst i Noreg, gi dei namn og gi tilskot til vitskaplege institusjonar som leitar etter nye artar, gjennom Arts-prosjektet. I år runda Noreg ein milepål då art nummer 50 000 i Noreg blei identifisert.

Vi vil i tillegg trekke fram folkeforskarane. Dei gjer ein viktig jobb for å skaffa oversikt over artsmangfaldet i Noreg. Kunne naturinteresserte har i 2022 rapportert 2,7 millionar artsfunn gjennom Artsdatabanken si teneste Artsobservasjonar. Desse funna utgjer ein stor verdi for samfunnet ved at informasjon om artar blir gjorde tilgjengelege for samfunnet til ein svært låg kostnad. For å behalde og auke dette bidraget frå folkeforskarar har vi i 2022 jobba hardt for å leggje betre til rette for rapportering av observasjonar i ein ny og teknisk betre versjon av Artsobservasjonar som vi planlegg å lansere i 2023.

- Den 21. november 2022 blei frøtega *Orsillus depressus* art nummer 50 000 i namnebasen til Artsdatabanken.
- Frøtega er ein framand art. Ho har den naturlege utbreiinga si i Middelhavsområdet, der ho lever på ulike artar i sypressfamilien, men dei seinare åra har ho spreidd seg raskt nordover.
- I Noreg reknar ein med at arten vil halde til på sypress og tuja i hagar og parkar, men tega kan også leve på norsk einer ute i naturen.
- Arten blei funnen i ein gammal sypress på Vestre gravlund i Oslo av zoolog Frode Ødegaard ved NTNU Vitskapsmuseet. Han rapporterte funnet rutinemessig til Artsdatabanken.
- Artsdatabanken jobbar no med å vurdere om *Orsillus depressus* utgjer ein økologisk risiko i Noreg.



Foto: Arnstein Staverjøkk/NINA. Lisens CC BY 4.0

Kunnskap må vere tilgjengeleg

Kunnskapen om naturen blir bygd Stein på Stein, år for år. Det er mange som produserer slik kunnskap, til mange formål. Artsdatabanken er ein viktig bruker av data frå FOU-sektoren. Artsdatabanken skal vere ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald der ulike grupper kunnskapsprodusentar kan gjøre innskot i form av kunnskap, og der heile samfunnet kan gjøre gratis uttak av den same kunnskapen.

I samband med eit samarbeid med Miljødirektoratet om ei konseptutgreiing for artskartlegging henta Artsdatabanken inn ein rapport om artskartlegging i konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningsloven. Undersøkinga viste at berre ein tredel av verksemndene legg inn alle data om raudlisteartar frå arbeid med konsekvensutgreiing i Artskart innan rimeleg tid. Denne «skjulte» kunn-skapen ville, dersom han blei gjord tilgjengeleg for samfunnet, setje avgjerdstakrar i samfunnet betre i stand til å ta betre avgjerder i enkeltsaker, men også forbetre kunnskapsgrunnlaget for mellom anna Norsk raudliste for artar. Dette viser at det finst eit stort uforløyst potensial til å få endå meir data inn i tenestene våre, til nytte for samfunnet.

Naturavtalen

I mål nummer 21 i Kunming-Montreal-rammeverket for biodiversitet, også kalt Naturavtalen, som blei vedteke i desember 2022, står det:

Ensure that the best available data, information and knowledge, are accessible to decision makers, practitioners and the public to guide effective and equitable governance, integrated and participatory management of biodiversity, and to strengthen communication, awareness-raising, education, monitoring, research and knowledge management (...).

Etter vår oppfatning understrekar dette at institusjonar som Artsdatabanken har ei nøkkelrolle i å oppnå samfunnet sitt mål om berekraftig bruk av naturressursar nasjonalt og globalt.

Våre prioriteringar

Oppgåvene til Artsdatabanken er mangfelte, og administrasjonen og styret i Artsdatabanken er opptekne av å prioritere ressursane vi blir tildelte, på ein måte som gir mest mogleg verdi for samfunnet, basert på mandatet frå Klima- og miljødepartementet av 31.08.2018, årlege tildelingsbrev og Hovudinstruksen for Artsdatabanken.

Mange av hovudprioriteringane i Artsdatabanken i 2022 følgjer av tildelingsbrevet frå Klima- og miljødepartementet. Natur i Noreg (NiN) er ei slik prioritering, og ein ny versjon av NiN skal lanserast i 2023. Dette har kravd mykje både i samarbeidet med dei vitskaplege miljøa og av interne ressursar. Denne nye versjonen vil bli ei forbetring av NiN i tråd med ønska og behova til brukarane. Dette er viktig for at NiN-systemet skal bli eit godt verktøy i tråd med intensjonane i Stortings-meldinga «Natur for livet». Også arbeidet med økologiske grunnkart har vore høgt prioritert. Arbeidet med ny framandartsliste har kravd mykje ressursar, og den nye utgåva som blir lansert i 2023, vil forbetre kunnskapsgrunnlaget for framande artar i Noreg, og særleg gi betre kunnskap om dørstokkartar.

I tillegg til prioriteringane i tildelingsbrevet, har Artsdatabanken prioritert høgt å etablere Arts-observasjonar på ny teknisk plattform, og det er planlagt at denne nye versjonen skal lanserast i 2023.

Vi er godt fornøgd med måloppnåinga i 2022. Arbeidsoppgåver og ressursbruk i 2022 har vore godt forankra i styrevedtak om årsplan og budsjett. Resultatoppnåinga har blitt rapportert kontinuerleg til styret gjennom året. Styret er godt fornøgd med administrasjonen si planmessige utvikling og drift av verksemda.

Styret er godt nøgd med saksførebuingar, økonomistyring og oppfølging av vedtak i styret i 2022.

Styret ser fram til vidare god dialog med KLD, andre relevante styresmakter og kunnskapssektoren om samfunnsoppdraget til Artsdatabanken.

Trondheim, 16. februar 2023

Aina Bartmann
Hans Asbjørn Sørli

Bernt-Erik Sæther
Kristoffer Bøhn

Torborg Berge
Stine Svalheim Markussen
Ivar Ekanger

Styret si melding er elektronisk godkjend i digitalt styremøte



Styret 2022. Foto: Karl Jørgen Marthinsen / Artsdatabanken.

Del II Introduksjon til verksemda og nøkkeltal

II.1. Verksemd og samfunnsoppdrag

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald og har som hovudoppgåve å formidle oppdatert informasjon om artar og naturtypar og gjere han lett tilgjengeleg. Gjennom inn-samling, systematisering og formidling av kunnskap byggjer Artsdatabanken bruver mellom vitskap og samfunn. Visjonen til Artsdatabanken er «Artsdatabanken – samfunnet si kjelde til kunnskap om naturmangfald».

Artsdatabanken er eit statleg forvaltingsorgan under Klima- og miljødepartementet og blei skipa i 2005. Departementet har det overordna ansvaret for Artsdatabanken sitt mandat, oppnemning av styre og løyving av årleg budsjett. Det meste av kunnskapen vi formidlar, er tilgjengeleg gjennom nettbaserte tenester som alle finst på artsdatabanken.no. Kunnskapen blir brukt av svært mange ulike aktørar, både innan forsking, forvalting og næringsliv, og samfunnsoppdraget til Artsdatabanken kviler på samarbeidet med aktørane som produserer og bruker kunnskapen.

Artsdatabanken har ansvar for å

- innhente, vidareutvikle, kvalitetssikre og gjere tilgjengeleg kunnskap om artar og Natur i Noreg (NiN)
- drifta og vidareutvikle karttenester på områda artar og Natur i Noreg (NiN).
- bidra til utvikling av økologisk grunnkart
- utføre jamlege revisjonar av Norsk raudliste for artar og Norsk raudliste for naturtypar
- utføre jamlege revisjonar av økologisk risiko for framande artar i Noreg
- administrere Artsprosjektet som skal styrke kunnskapen om artsmangfaldet i Noreg, jamfør eige mandat
- utføre oppgåver som er i tråd med formålet til Artsdatabanken
- drifta og vidareutvikle infrastruktur for kunnskap om artar og økologi
- vere ein aktiv aktør i relevante forum, både nasjonalt og internasjonalt

For å kunne løyse desse oppgåvene er Artsdatabanken heilt avhengig av samarbeid med andre. Et svært breitt tilfang av vitskapleg ekspertkompetanse er nødvendig for at produkta til Artsdatabanken skal halde det nødvendige nivået, og vi har ikkje all denne kompetansen sjølve. Vi samarbeider med svært mange ekspertar og faglege institusjonar i utarbeidinga av raudlister, Framandartslista, NiN-systemet med meir.

Artsdatabanken er også avhengig av godt samarbeid med brukarane våre, mellom anna forvaltinga. Forvaltingsbrukargruppa er ein arena for gjensidig utveksling av informasjon, men Artsdatabanken har i tillegg eit godt samarbeid med relevante forvaltingsorgan i relevante sektorar ut over gruppa, slik som Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

Ein tredje samarbeidsarena er dei frivillige organisasjonane som både nyttar våre tenester, men som også mellom anna driv kursing av brukarar av tenestene og står for validering av observasjonar i Artsobservasjonar.

II.2. Organisasjon og leiing

Artsdatabanken er lokalisert i Pirsenteret i Trondheim.

Nytt organisasjonskart blei til i forhandlingar mellom leiinga og dei tillitsvalde 03.02.2022 og vedteke av styret 16.02.2022. Organisasjonskartet frå 1. april 2022 er vist i Figur 1.



Figur 1 viser organisasjonskart for Artsdatabanken frå 1. april 2022

Per 31. desember 2022 sit desse i leiinga:

- Bjarte Rambjør Heide, direktør
- Stein Arild Hoem, leiar for Seksjon for IT-utvikling
- Arild Lindgaard, leiar for Seksjon for kart og naturmangfold
- Pernille Feilberg, leiar for Seksjon for formidling (ny frå 1. september 2022)
- Ingar Pareliussen, leiar for Seksjon for artskunnskap (ny frå 1. september 2022)

II.3. Utvalde nøkkeltal

Tabell 1 Tabellen viser nøkkeltal for verksemda når det gjeld tilsette og årsverk

Nøkkeltal	2020	2021	2022
Tilsette	32	35	36
Avtalte årsverk	32	34	34
Utførte årsverk	29	32	31

Per 31.12.22 hadde Artsdatabanken 36 tilsette, som til saman utførte 31 årsverk. Av desse var 33 fast tilsette, ein var vikar i samband med foreldrepermisjon, medan to jobba på to tidsavgrensa prosjekt innanfor høvesvis formidling og artskartlegging.


Tabell 2 Tabellen viser økonomiske nøkkeltal

Nøkkeltal	2020	2021	2022
Samla tildeling post 01-99* (kr)	91 503 000	90 694 000	91 492 000
Utnyttingsgrad post 01-99* (%)	93,53	98,50	95,29
Driftsutgifter (kr)	59 637 831	64 042 060	60 705 226
Lønsandel av driftsutgifter (%)	43,57	44,54	45,78
Lønsutgifter per årsverk (kr)	895 928	891 354	898 594

Talet på utførte årsverk gjekk i 2022 ned samanlikna med året før. I 2022 hadde Artsdatabanken eit sjukefråvær på 4,8 %, mens tilsvarande tal for 2020 og 2021 var 5,67 % og 2,54 %. To tilsette hadde foreldrepermisjon i store deler av året og for ei av desse ble det ikkje tilsett vikar. Dette, saman med fleire vakante stillingar, forklarar nedgangen på eit årsverk.

Positiv utvikling i talet på besøk

Artsdatabanken opplever over tid ein aukande bruk av tenestene våre, sjølv om utviklinga viser ei flat eller svakt negativ utvikling frå 2021 til 2022 for artsdatabanken.no. Artsobservasjonar og Artskart.



Figur 2 viser utviklinga i talet på besøkjande på nokon av tenestene våre

Meir og meir innhald

Systema til Artsdatabanken blir fylte med meir og meir kunnskap om norsk naturmangfald.


Tabell 3 viser auken i innhaldet i nokre av våre tenester

	2020	2021	2022
Artar på nett (artar i alt)	2 665	2 927	3 433
Artsobservasjonar (observasjonar i alt)	24 mill.	27 mill.	29 mill.
Artskart (observasjonar i alt)	33 mill.	48 mill.	49 mill.

Tildelingar

I 2022 utgjorde dei samla løyvingane til Artsdatabanken i alt 88,77 mill. kroner. Av dette var 87,7 mill. nye tildelingar over høvesvis kap. 1411 (70,455 mill.) og kap. 1410.21 (17,266 mill.).

Tildelingar 2022




Figur 3 Tildelingar til Artsdatabanken, fordelt på postar

I tillegg kom 1,068 mill. kroner i overførte midlar frå 2021, 0,59 mill. på 1411.01 og 0,477 mill. på 1411.70.

Utgifter

Artsdatabanken sine utgifter fordelte på ulike kategoriar i 2022 er illustrerte i Figur 4.

Utgifter fordelte på kategoriar 2022, alle postar




Figur 4 Utgifter etter type 2022, alle typar

Ein vesentleg del av arbeidet til Artsdatabanken blir utført i tett samarbeid med biologisk fag-ekspertise frå vitskaplege institusjonar i heile Noreg. I 2022 gjekk om lag 43,7 mill. kroner til anten kjøp av eller tilskot til biologisk fagekspertise i samband med tenestene og produkta våre. Dette utgjorde om lag 47,7 prosent av dei totale løyvingane. Tilskot til Artsprosjektet stod for 26,3 mill. kroner av dette. Bruken av desse midlane til tilskot og kjøp av eksperttenester har, i tillegg til bidraget til leveransane våre, ein svært stor gunstig verknad for mange av fagmiljøa i Noreg når det gjeld aktivitet knytt til blant anna kartlegging av artar, risikovurdering, metodeutvikling og oppbygging av kompetanse på taksonomi.

Fordelinga av utgiftstypar per kap./post er vist i Figur 5.

Fordeling av utgifter 2022



Figur 5 viser utgifter fordelt på ulike utgiftstypar for Artsdatabanken per post for 2022

Dei totale lønsutgiftene på 1411.01 og 1410.21 var på om lag 28 mill. kroner, noko som inneber ein nedgang på 1,6 prosent frå 2021. Nedgangen kjem av endring i innskot til Statens pensjonskasse som følgje av endra utrekningsgrunnlag for pensjon.

Del III Aktivitetar og resultat i 2022

Aktivitetane og resultata i 2022 byggjer på Artsdatabanken sitt mandat, tildelingsbrev frå Klima- og miljødepartementet og strategien vår.

III.1. Prioriteringer frå tildelingsbrevet

I tildelingsbrevet sitt til Artsdatabanken for 2022 peikar Klima- og miljødepartementet på 1) drift av *Portal for økologiske grunnkart* og sekretariatsoppgåver for direktoratsgruppa for økologisk grunnkart, 2) rettleiing og nødvendig vidareutvikling av *Natur i Noreg* og 3) arbeidet med *Framandslista* som prioriterte oppgåver. I det følgjande kjem ein gjennomgang av arbeidet med desse prioriterte oppgåvene i 2022.

Økologiske grunnkart

Formålet med tenesta er å gi eit betre kunnskapsgrunnlag for forvaltings- og planleggingsarbeid nettopp ved å samle kartlaga i éin brukarvennleg portal. Portal for økologiske grunnkart blei lansert hausten 2020 og har sidan vore drifta av Artsdatabanken. Portalen fungerer godt, og arbeidet vårt er knytt til stabil drift, retting av feil og arbeid med datasett som skal inn eller ut av portalen. Desse datasetta blir spelte inn frå direktoratsgruppa for økologisk grunnkart. Per desember 2022 gjev portalen tilgang til 60 datasett.

Vi registerer auka bruk av portalen og har byrja å få fram bruksstatistikk. I 2022 hadde portalen gjennomsnittleg 1500 besøk per månad, med om lag 850 unike brukarar. Portalen legg til rette kartdata på ein måte som vi meiner vil bidra til ei meir effektiv kunnskapsinnhenting for kommunar som skal drive arealdisponering, og for andre brukargrupper. Det er likevel rimeleg å tru at potensialet til økologiske grunnkart ikkje er uttømt, og at arbeidet med mobilisering av fleire relevante kartlag er nødvendig. Artsdatabanken vil halde fram med å bidra med dette arbeidet, innanfor rolla vi er tildelt.

Natur i Noreg

Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfald* slår fast at Natur i Noreg (NiN) skal utgjere kjernen i offentleg naturkartlegging, i tråd med Stortinget sitt vedtak om dette. NiN er samfunnet si felles verktøykasse for å beskrive natur på ein samanliknbar måte.

I tråd med Artsdatabanken sitt ansvar for å utvikle og legge til rette NiN-metodikken slik at han kan brukast i kartleggingsarbeidet til miljøforvaltinga og sektorane, har Artsdatabanken i 2022 saman med Naturhistorisk museum leia arbeidet med å ferdigstille ein revidert versjon av NiN. Det vitskaplege rådet for NiN ferdigstilte i 2022 det faglege arbeidet med NiN 3.0, som skal lanserast i 2023. Eit revidert typesystem for ferskvatn blei publisert i 2022. Den nye versjonen vil samle alle erfaringar, innspel og forskningsresultat i ein heilskapleg versjon. Brukarane av NiN, særleg innanfor kartlegging, vil ha behov for omstilling etter publiseringa av NiN 3.0. Artsdatabanken vil drifte ein versjon 2.3, som vil ligge uendra og tilgjengeleg på nettsidene våre.

Formidling av NiN på ein forståeleg og god måte har blitt høgt prioritert både på nettsida til Artsdatabanken og i rettleiingsmateriellet. Artsdatabanken har utvikla ein ny, heilskapleg kodebase som skal handtere strukturen på nettsidene og i tenestene våre, produsere eksterne kodetenester og handtere relasjonane mellom tidlegare versjonar av NiN.



NiN møter samfunnet sine behov for beskriving av natur og tilbyr eit felles system på tvers av sektorar og fagtradisjonar. Dette gjer resultat av kartlegging og registrering av natur nyttige for langt fleire enn dei som opphavleg kartla han, og kan på den måten bidra til eit kunnskapsløft om naturen.

Framandartslista

Framandartslista viser kva økologisk risiko framande artar kan utgjere for naturmangfaldet i Noreg. Ei ny utgåve av Framandartslista blir publisert i 2023.

Foto: Oddvar Pedersen. Licens: CC BY 4.0



Framandartslista er eit svært viktig kunnskapsgrunnlag for forvalting av framande artar i Noreg. Kunnskapen i Framandartslista er eit av dei mest sentrale kunnskapsgrunnlag for reguleringa av framande organismar i Forskrift om fremmede organismer og for behandling av søknader om innførsel og utsetjing av framande organismar.

Det er viktig både for relevansen til lista og tilliten samfunnet har til reguleringa av framande organismar at lista blir oppdatert jamleg slik at ho tek omsyn til ny kunnskap. I 2023 vil lista også innehalde vurderingar av svært mange dørstokkartar.

Dette er ei direkte oppfølging av tiltak 10 i regjeringa sin tiltaksplan *Bekjempelse av framande organismar*, som kom i 2020. Målet med tiltaksplanen er at den uheldige påverknaden framande artar har på økosistema og på evna deira til å levere økosystemtenester, skal vere mindre etter fem år sammenlignet med då planen blei vedteken.

Eit femtíals ekspertar frå vitskaplege institusjonar ferdigstilte dei fleste risikovurderingane i 2022, og resten vil bli ferdigstilte tidleg i 2023. Artsdatabanken har brukt mykje interne ressursar for å hjelpe og rettleie ekspertane i vurderingane i 2022. Dei førebelse risikovurderingane vil bli lagde ut til offentleg innsyn tidleg i 2023.

Som del av arbeidet med lista har vi mykje kontakt med forvaltinga, næringer og andre interessenter for å få innspel til forbetring av kunnskapsgrunnlaget for lista og til framstilling og kommunikasjon av resultata.

Artsdatabanken har avgrensa ressursar tilgjengeleg for arbeidet med Framandartslista, og det er viktig å sørge for at ressursane som er tilgjengelege for dette viktige kunnskapsgrunnlaget er gode, også på lang sikt.

Oppsummering:

Artsdatabanken leverer som planlagd på dei overordna prioriteringane i tildelingsbrevet. Blant prioriteringane er det stor skilnad i både ressursbruk og finansieringssituasjon.

III.2. Andre aktivitetar og resultat

Artsdatabanken si rolle som nasjonal kunnskapsbank og formålet vårt om å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskap om naturtypar, artar og populasjonar inneber at vi har ei rekke ansvarsområde som ikkje blir spesifikt omtalte i dei årlege overordna prioriteringane i tildelingsbrevet frå Klima- og miljødepartementet. Oppgåvene kjem fram av mandatet. I det følgjande gir vi ein overordna gjennomgang av arbeidet vårt knytt til kunnskap om artar, kartfesta informasjon om naturmangfald og Raud- og framandartslistar i 2022.

Kunnskap om artar

Artsdatabanken har mange aktivitetar som har til formål å styrke kunnskapen om artar i Noreg.

Sentralt i dette arbeidet er *Artsprosjektet*, som skal sikre ei langsiktig oppbygging av kunnskapen om artar i Noreg, med særleg vekt på dei artane vi veit lite om i dag. Tilfanget av søknader til dei årlege utlysingane av tilskot til dette arbeidet viser at interessa er svært stor i dei relevante norske fagmiljøa, og i 2022 blei det søkt om rundt fire gonger det tilgjengeleg beløpet, som var 22 mill. kroner.

Åtte kartleggingsprosjekt som var starta opp i tidlegare år, blei avslutta i 2022. Kartlagde artar er: Leddormar frå djuphavet, sopp i kystlynghei, endofyttisk sopp i tre, fjørmygg og midd i vatn, marine invertebratar på hardbotn, hoppekreps, botnlevande polyppdyr og gallmygg. Biletet viser ei leddorm frå djuphavet.



Foto: Nataliya Buddeva. Universitetsmuseet i Bergen, UiB. Lisens: CC BY 4.0

Kartleggingsprosjekta fører til auka kunnskap om därleg kjende artsgrupper og styrker kompetansen og rekrutteringa innan taksonomi og biosystematikk i Noreg. Data frå Artsprosjektet kjem samfunnet og forvaltinga til gode gjennom fleire av Artsdatabanken sine produkt og tenester.

Data frå mellom anna Artsprosjektet blir lagde inn i tenesta *Artar på nett*. Denne tenesta har som mål å gje ulike brukargrupper enkel tilgang til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om alle artane som finst i Noreg. Tenesta samlar, genererer og deler opne data i form av tekst, bilete, film, lyd og nøklar til å bestemme artar.



Foto: Björn Schoenmakers. Lisens CC0

Totalt er det ved utgangen av 2022 laga 37 nøklar og lagt inn informasjon om cirka 4300 takson. På nettsida til Artsdatabanken er det no godt over 17 000 bilete og nær 300 filmar som er merkte med takson.

I 2022 er det laga informasjon om ei rekke arter og takson. Informasjonen blir lagd inn i nært samarbeid mellom dei vitskaplege institusjonane og Artsdatabanken.

Om lag 30 prosent av budsjettet til Artsdatabanken for 2022 blei brukt på arbeidet med *Artsprosjektet* og *Artar på nett*.

I 2022 har vi lansert og formidla resultata frå *Kunnskapsstatus for artsmangfoldet i Norge 2020*. *Kunnskapsstatus for artsmangfoldet i Noreg 2020* er utarbeidd på oppdrag frå Artsdatabanken av 56 fagekspertar som i hovudsak er tilknytte vitskaplege institusjonar. Rapporten er ei oppfølging av tilsvarande rapportar som blei lagde fram i 2011 og 2016.

Kunnskapsstatusrapporten gir ein så god som mogleg oversikt over kva vi veit om artsmangfoldet i landet vårt, og – nesten like viktig – kva vi ikkje veit. Rapporten viser mellom anna at vi truleg kjenner til berre 65 prosent av artsmangfoldet i Noreg, og at vi framleis har lite kunnskap om mange artsgrupper.

I tillegg til å vite kva arter som finst i Noreg, har særleg forskrarar og forvalting behov for ei systematisk og standardisert oversikt over eigenskapane til artane. Det er sett i gang arbeid med ein database, *Eigenskapsbanken*, der ein samlar eigenskapsinformasjon om artane. Databasen skal brukast av Artsdatabanken sine tenester, mellom anna på nettsidene, og gjerast tilgjengeleg for eksterne brukarar.

I 2022 har resultata frå rapporten *Kunnskapsstatus for artsmangfoldet i Norge 2020* blitt lagde inn i Eigenskapsbanken. Arbeidet med Eigenskapsbanken har vore lågt prioritert, og vi har hausten 2022 sett på utforminga av arbeidet på nyt.

Rett og konsekvent bruk av namn på artar er nødvendig både for å halde oversikt over artsmangfaldet og for å forvalte artane. Artsnamnebasen er den sentrale namnetenesta for artar i Noreg og inneholdt ved utgangen av 2022 meir enn 223 000 vitskaplege namn og meir enn 49 500 populærnamn.

Artsnamnebasen er viktig også fordi han blir brukt i mange andre av tenestene våre som er knytte til artar, som Norsk raudliste for artar og Framandartslista. Arbeidet med ein ny og meir brukarvennleg versjon av Artsnamnebasen held fram, og den første tekniske oppdateringa av basen sidan 2009 er sett i gang. Oppgraderinga er viktig for å kunne tilby eksterne ekspertar som bidreg i namnearbeidet på frivillig basis, eit effektivt verktøy, slik at dei framleis ønskjer å bidra i arbeidet med artsnamn. Det har vore vanskeleg å få sett av nok ressursar internt i Artsdatabanken til utvikling og ferdigstilling av ny artsnamnebase, men oppdateringa vil bli fullført i 2023.

Kunnskap om kvar artar er, er viktig for ei kunnskapsbasert arealforvalting. I 2022 har om lag 2,2 millionar observasjonar blitt lagde inn i Artsobservasjonar av allmenta. Artsobservasjonar inneholdt no over 29 millionar observasjonar. Arbeidet med teknisk oppgradering til versjon 3.0 byrja i 2020. Denne versjonen vil ha universell utforming og vere betre tilpassa alle brukargrupper. Artsobservasjonar 3.0 har hatt høg prioritet frå hausten 2022 og vil bli lansert før sommaren 2023. Artsobservasjonar 2.0. blir drifta parallelt med utviklinga av versjon 3.0, men arbeidet er prioritert ned.

Det er viktig for kvaliteten i tenesta at ein viss del av funna blir validerte av ekspertar, særleg for raudlista, framande og forvaltingsrelevante artar. Det er gitt økonomiske tilskot til Sabima og BirdLife Norge til kvalitetssikring av funn, brukarstøtte, testing og formidling om Artsobservasjonar. Artsfunna frå kunnige naturinteresserte er eit omfattande og viktig kunnskapsbidrag som kjem i tillegg til den artskartlegginga som skjer gjennom mellom anna konsekvensutgreiingar og anna artskartlegging i regi av offentlege styresmakter. I framtida vil det vere viktig å utvikle Artsobservasjonar vidare slik at rapporteringa blir enklare og ein når fleire brukarar.

For å auke interessa – og gjere kunnskap om artar meir tilgjengeleg både for amatørar og vidarekomne artsinteresserte – lanserte Artsdatabanken tenesta *Artsorakel* i 2020. Dette er ei teneste som bruker maskinlæring til å identifisere artar ut ifrå biletet. Tenesta har ein app og ei nettside som begge er fritt tilgjengelege for alle. I 2022 har modellen blitt oppdatert, denne gongen med nye biletar frå Artsobservasjonar og også fleire datasett med mellom anna fisk og lav. Dette forbetrar gjenkjenninga for desse artsgruppene og dermed også både kvaliteten og brukaropplevelingen.

At bruken av tenesta stadig aukar, utan at vi aktivt marknadsfører ho, tek vi som eit teikn på at vi når målet vårt med tenesta, som er at ho skal bidra til at fleire skal kunne meir om artar. Vi gjekk frå 2,6 millionar spørjingar i 2021 til heile 3,5 millionar spørjingar i 2022. I august 2022 kom det inn nær 22 000 spørjingar per dag til Artsorakel. I formidlinga vår er utgangspunktet at dette er eit verktøy, ikkje ein fasit. Responsen har i det store og heile vore svært god. Det er eit stort potensial for integrering av Artsorakelet i noverande og nye tenester i Artsdatabanken.

Kartfesta informasjon om naturmangfold

Kartfesta informasjon om naturmangfold er nødvendig for praktisk forvalting av areal. Artsdatabanken tilbyr karttenester som er knytte til både artar og naturtypar. Fagsystema Artskart og NiN-kart utgjer også viktige fundament i arbeidet med økologisk grunnkart.

Artskart er ei viktig kjelde til stadfesta informasjon om førekomst av artar i Noreg, og tenesta blir brukt av offentleg forvalting, forskrarar og utgreiarar, ymse interesseorganisasjonar og privatpersonar. Artskart viser i dag nesten 49 millionar artsfunn frå om lag 300 databasar hos vitskaplege institusjonar i tillegg til data frå Artsobservasjonar. I 2022 har vi registrert om lag 100 000 unike brukarar per månad, og i tillegg har vi mange fleire brukarar via eksterne tenester (Landsbruksdirektoratet, Miljødirektoratet m.fl.).

I 2022 er det utvikla ny funksjonalitet i Artskart for å vise datasett og metadata knytte til datasett. Denne funksjonaliteten vil gjøre det lettare for brukarane å sjå samanhengen mellom observasjonar, og han legg til rette for gjenbruk av data, til dømes til forskingsformål. Dessutan har alle observasjonar i Artskart no fått eit automatisk generert faktaark som viser all informasjonen vi har om den aktuelle observasjonen. Faktaarka for enkeltobservasjonar har ein unik og stabil URL som vil fungere som referanse til den aktuelle observasjonen. Dette gir enklare tilgang til all informasjonen om eit funn, både for kvar enkelt brukar og for andre karttenester som ønskjer å vise informasjon frå Artskart.

I 2022 inngjekk Artsdatabanken og Miljødirektoratet eit samarbeid for å forbetre faggrunnlaget for artskartlegging. Dette samarbeidet har teke form gjennom ei konseptutgreiing som Artsdatabanken leier. Konseptutgreiinga er planlagd ferdigstilt ved utgangen av februar 2023, og tek for seg rammer for standardisert artskartlegging og betre dataflyt.

NiN-kart er Artsdatabankens sitt fag-system for økologiske data etter NiN-systemet. NiN-kart lagrar og forvaltar sentrale datasett, som det nasjonale landskapstypekartet og nasjonale datasett for miljøvariablar etter NiN. I 2023 er det planlagt ein oppdatert versjon, som føreset eit tenestekjøp. Oppdateringa skal gi betre opplasting av eksterne kartdata, og dessutan skal brukargrensesnittet gjennomgåast. Det vil også vere nødvendig med oppgradering for å handtere ny versjon av NiN. NiN-kart vil bidra til økologisk grunnkart med flere etterspurde og viktige datasett.

Rune Halvorsen. CC BY 4.0 Creative Commons Attribution



Global Biodiversity Information Facility (GBIF) er eit internasjonalt nettverk og ein internasjonal datainfrastruktur som er finansiert av styresmakter i ulike land og retta mot å gi kven som helst, kvar som helst, open tilgang til data om alle typar liv på jorda. Gjennom dette arbeidet er det utvikla standardar og verktøy som legg grunnlaget for den omfattande dataflyten Artsdatabanken har realisert gjennom Artskart. Noreg er medlem i GBIF gjennom den nasjonale noden ved Naturhistorisk museum, UiO, som vi samarbeider tett med.

I 2022 tok ein i bruk ein ny samarbeidsmodell for GBIF-arbeidet i Noreg, med finansiering gjennom infrastrukturfinansieringa til Forskningsrådet. Det er no etablert eit konsortium som driftar det norske GBIF-arbeidet. I tillegg til GBIF-noden på Naturhistorisk museum (sekretariat) og Artsdatabanken deltek også universiteta i Bergen, Trondheim og Tromsø, og dessutan NINA. Artsdatabanken vil delta, saman med GBIF-noden, på dei årlege styringsmøta til GBIF internasjonalt (GBIF

Governing Board). Det er venta at det nye GBIF-konsortiet vil auke og betre flyten av artsdata i Noreg i åra framover.

I 2022 blei det publisert ein ny global typologi for økosystemet (Global Ecosystem Typology – GET), der Artsdatabanken har bidrige med konsept frå NiN-systemet vårt, og ein av medarbeidarane våre er medforfattar på publikasjonen. Dette systemet blir no teke i bruk internasjonalt gjennom IUCN, og det er venta auka merksemd og bruk gjennom oppfølginga av den nye naturavtalen under konvensjonen om biologisk mangfald (CBD).

Raud- og framandartslister

Arbeidet med raud- og framandartslister er ein sentral del av verksemda til Artsdatabanken. I 2022 har fokus vore på arbeidet med Framandartslista 2023, og vi viser til omtale av dette arbeidet under kapittel III.1.

Fjerde utgåva av *Norsk raudliste for artar* blei lansert 24. november 2021. Det har vore stor interesse også for denne utgåva av raudlista, og Artsdatabanken har blitt invitert til å halde sytten foredrag for meir enn 1100 deltakrar i 2022. Forvalting, ulike næringar, interesseorganisasjonar og kunnskapsprodusentar har bede om foredrag, noko som har forbetra forståinga av og omdømmet til Raudlista.

Resultata frå Raudlista for artar blir mellom anna brukte i direktorata sitt arbeid med oppfølgingsplanen for trua natur og nasjonalt statistikkprogram.

Norsk raudliste for naturtypar har ikkje hatt prioritert, både på grunn av førebuingar til NiN, og på grunn av at ny raudliste ikkje er planlagd ferdigstilt før i 2025. Overordna resultat og tematiske tekstar i Norsk raudliste for naturtypar 2018 er omsette til engelsk og lagde ut på www.biodiversity.no. Arbeidet med neste raudliste for naturtypar er planlagt å byrje i 2023, og då med utgangspunkt i den nye versjonen av NiN-systemet, som omtalt i kapittel III.1.

III.3. Brukarorientering og kommunikasjon

I 2022 har vi gjort endringar i måten vi jobbar med kommunikasjon og formidling på i Artsdatabanken, mellom anna som oppfølging av den nye strategien vår. Endringane skal bidra til at kommunikasjon og formidling i større grad blir synleggjord som verktøy for å nå Artsdatabanken sine mål. Det skal også bidra til meir kunnskapsutveksling, til at vi blir meir robuste internt, og til at vi i større grad tenkjer heilskapleg i dialogen vår med samfunnet generelt og med ulike brukargrupper. Eit praktisk døme på resultatet av dette er at vi i arbeidet med NiN 3.0 i større grad enn tidlegare har lagt brukarbehov til grunn for utvikling og formidling av tenesta.

Vi har også prøvd ut bruk av video som verktøy for å dele informasjon om artar, naturtypar og korleis ein arbeider med å skaffe kunnskap om dei. Som eit ledd i dette arbeidet etablerte vi eit halvprofesjonelt studio i Artsdatabanken sine lokale.

Hovudmålet med videosatsinga er å nå breiare ut med kunnskap om arbeidet med artar og naturtypar. Satsinga har ikkje gått føre seg lenge tok til at vi kan vurdere om ho har vore vellukka eller ikkje, men dei to følgjande døma kan illustrere at vi er på rett veg:



- I november 2022 blei det observert gullsjakal i Noreg. Vi laga ein video om dette og publiserte han i kanalane våre. Videoen vart synleggjord for om lag 35 000 personar, og heile eller delar av han vart sett nær 3000 gonger. Dette er over dobbelt så mykje som det mest sette innhaldet i kanalane våre som ikkje inneholdt video. Samtidig brukte vi om lag 40 prosent mindre tid internt på å produsere denne bodskapen enn det vi bruker på ei tradisjonell nyheitssak i tekstformat.
- Vi ser at videosakene i snitt fører til tre gonger meir engasjement (kommentarar, delingar) i sosiale medium enn andre saker. Dette gjeld mellom anna ei sak om rapporten *Artskartlegging i konsekvensutredning etter plan- og bygningsloven*, der prosjektleiarene i Artsdatabanken fortel om kva rapporten inneber. Dette tyder på at videoformatet bidreg til å gjøre kunnskap tilgjengelig på ein annan måte enn tradisjonelle tekstsaker.

I 2022 har det også blitt arbeidd med fornying av Artsdatabanken sin logo og grafiske profil. Målet har vore å oppnå auka attkjenning og sikre eit heilskapleg uttrykk på tvers av Artsdatabanken sine tenester. Profilen blir for alvor implementert i 2023.


Artsdatabanken bidrog også i 2022 til miljøstatus.no.

Mediemarksemد

Lokale og nasjonale medium er framleis ein viktig kanal for å nå ut med kunnskap om artar og naturmangfald. Framandartslista, raudlista for artar, Artsorakelet og taksonidene er det som gir størst mediemarksemد.

Vi har som mål at fleire medieredaksjonar skal sjå på Artsdatabanken som ein leverandør av kunnskap og nyheter om artar og naturtypar. Eitt av grepa som vi har prøvd ut, og som også bidreg til generell synlegheit, er å delta meir i samfunnsdebatten, både ved å skrive fleire eigne kronikkar og ved å skrive fleire tilsvær på andre sine. Det er fleire gjengangarar blant journalistar og redaksjonar som kontaktar oss. Det tyder på at arbeidet med å posisjonere Artsdatabanken som kunnskapsleverandør har effekt. Dette handlar også om at Artsdatabank-tilsette gjer ein god jobb når dei blir intervjua. Blant anna NRK bruker Artsdatabanken merkbart meir enn før, særleg på radio.

Artiklar/saker der vi er nemde, eller der tenestene våre er nemde



III.4. Teknologi og digitale tenester

Teknisk utviklingsarbeid med infrastruktur

Alle produkta og tenestene i Artsdatabanken treng tekniske plattformer. Dette omfattar oppbygging av databasar med brukargrensesnitt for datainnlegging, forretningslogikk, feilretting og funksjonalitet for datapublisering. I 2022 har dette omfatta følgjande produkt og tenester:

- utvikling av database og nettløysing for gjennomføring av ekspertvurderinger av framande artar, med modul for innsyn i førebelse vurderingar etter årsskiftet
- arbeid med ny taksonomisk namnebase på ein oppdatert teknologisk plattform som mellom anna skal gjere det enklare for eksterne system og brukarar å følgje med på taksonomiske endringar og bruke namnebasen i arbeidet sitt nytt API, vil gjere det enklare for andre å integrere tenestene sine og bruke Artsnamnebasen som kjelde til taksonomi
- Artsobservasjonar 3.0 under utvikling, mellom anna med vekt på forbetra brukarvennlegheit og enklare rapportering av artsfunn på fleire plattformer Den tekniske løysinga blir modernisert for å gjere det enklare å arbeide med ny funksjonalitet i framtida.
- ny funksjonalitet i Artskart. Alle funn har fått eit eige refererbart faktaark med detaljar, kartplassering og eventuell bilet dokumentasjon. Datasett og samlingar som bidreg med data har fått si eiga vising med statistikk knytt til datasettet.
- ny løysing for å utferde digital objektidentifikator (DOI) for eksportar frå Artskart slik at data som blir brukte vidare i publikasjonar, plansaker og liknande kan refererast til via det internasjonale doi.org. Eksportane vil vere permanent tilgjengelege for gjenteken nedlasting via ei teneste hos Artsdatabanken.
- arbeid med sikring av god dataflyt knytt til Portal for økologiske grunnkart
- utvikling av API-kodetenester for Natur i Noreg-systemet med siste revisjon – NiN v2.3
- administrativt grensesnitt for Eigenskapsdatabasen og utviding med data frå kunnskapsrapporten
- migrering av forvaltingsdatabasar og infrastruktur for nettenester frå NTNU til skydrift hos Microsoft Azure i samarbeid med felles IKT-drift, leia av Miljødirektoratet
- ordinær drift og mindre oppdateringar i tekniske løysningars elles. Dette omfattar overvaking og nødvendige oppdateringar i samband med potensiell sikkerhetsproblematikk på plattforma.

Det blei arbeidd vidare med modernisering, konsolidering og delvis sanering av tenester i samband med flytting av tenestedrift til felles IKT-drift. Omsyn til GDPR er ein integrert del av alle nye utviklingsoppgåver. Tilsvarande er det kontinuerleg fokus på universell utforming i arbeid med utvikling av alle utoverretta løysingar.



Foto: Hallvard Elven. Naturhistorisk museum, UiO.
Lisens: CC BY 4.0

Del IV Styring og kontroll i verksemda

Artsdatabanken har eit godt system for styring og kontroll i verksemda. Systemet er tilpassa vår storleik, kompleksitet og eigenart. Vi jobbar dessutan kontinuerleg med å forbetre arbeidet med styring og kontroll i verksemda.

I 2022 er det gjort endringar i verksemda som mellom anna er meinte å forbetre styring og kontroll i verksemda, mellom anna når det gjeld endringar i talet på budsjettdisponeringsfullmakter, innføring av disponeringsskriv som styringsreiskap og jamleg vurdering av risiko på verksemdsnivå, operativt nivå og prosjektnivå.

IV.1. Risikoanalysar og -handtering

Risikoanalysar og -handtering i Artsdatabanken skjer både på dei individuelle prosjekta, på seksjonsnivå og på verksemdsnivå.

Prosjekta og fagområda rapporterte i 2022 jamleg på områda risikoanalyse og -handtering i leiarmøta. Hyppigheita av rapporteringane var tilpassa prosjekta og prioriteringa til fagområda i organisasjonen. Mykje av risikobiletet i prosjekta er knytt til om det er nok tilgjengelege ressursar til utvikling av IT-løysingar til rett tid. Sidan våren 2022 har Artsdatabanken derfor lagt stor vekt på organisering av IT-utviklingsarbeidet, for å sikre effektivitet og berekraft på lang sikt. Dette arbeidet vil halde fram i 2023.

På verksemdsnivå peika vi ut desse risikoane i 2022:

- utvikling av NiN 3.0, risikoen var knytt til om vi kom i mål med eit komplekst arbeid med utvikling av NiN-systemet som involverte mange eksterne samarbeidspartnarar og brukarar. Arbeidet var i rute ved årets slutt.
- utvikling av Artsobservasjonar 3.0, risikoen var knytt til om vi fekk kome langt nok i arbeidet med teknisk oppgradering og modernisering, brukarvennlegheit, universell utforming, og responsivt design til at vi kan lansera som planlagt til sommaren 2023. Arbeidet var i rute ved årets slutt.
- Framandartslista 2023, risikoen var knytt til om vi kom i mål med risikovurderingar av framande artar og kvalitetssikring av vurderingane til lansering av offentleg innsyn vinteren 2023. Arbeidet var hovedsakelig i rute ved årets slutt
- Artsnamnebasen, risikoen var knytt til om vi fekk utvikla ferdig basen slik at ny versjon kunne takast i bruk. Det har vore vanskeleg å få sett av nok ressursar internt i Artsdatabanken til utvikling og ferdigstilling av ny base, men oppdateringa vil bli fullført i 2023.
- balansen mellom behov knytte til IT-utvikling og -drift på den eine sida og kapasitet på den andre. Dette har vore ei vedvarande utfordring i løpet av året, og fleire tiltak er sette i verk og dessutan blir arbeid redusert, utsett eller lagt vekk.
- mange endringar i Artsdatabanken i løpet av kort tid. Risikoen er knytt til totalbelastning på organisasjonen og implementering av nye styringssystem og rutinar. Dette er en løpende vurdering.

Vi følgjer opp risikoane på verksemdsnivå jamleg i leiarmøte og styremøte.



Foto: Eli Fjelstad. CC BY-SA 4.0

IV.2. Fellesføringar frå KDD

Redusere konsulentbruken

Dei totale lønskostnadene i Artsdatabanken var på 28,1 mill. kroner i 2022. Til samanlikning brukte Artsdatabanken 3,2 mill. kroner til kjøp av konsulenttenester i 2022, dette svarer til 11,3 prosent av lønskostnadene.

Kostnadene er brukte til innleige av ekstern kompetanse til IT-utvikling og -drift. Vi søker å ha tilsett eigne utviklarar i størst mogleg grad, men det er hard konkurranse om seniorutviklarar i marknaden, både når det gjeld å rekruttere denne kompetansen og å halde på han. Vi har derfor mått bruke innleigde IT-konsulentar til utviklingsoppgåver og drift.

Knyte til seg lærlingar i eit omfang som står i rimeleg høve til storleiken på verksemda

Artsdatabanken har ikkje hatt lærlingar i 2022 og har vurdert at kapasiteten innanfor relevante fagområde til å følgje opp lærlingar på ein god måte ikkje er til stades. Artsdatabanken er ein relativt liten organisasjon, og krava til lærlingar gjeld derfor ikkje for oss, jamfør rundskriv nr. H-1/2022 Fellesføringane 2022.

IV.3. Oppdrag frå KLD

Sikkerheitsfaglege område

Artsdatabanken har gjort greie for gjennomføring av arbeid for å forbetre «awareness» når det gjeld IKT-sikkerheitskulturen. Artsdatabanken sende svaret unntake offentlegheit i samband med 2. tertialsrapport.

Artsdatabanken har gjort greie for om det er informasjonssystem som endå ikkje er omfatta av verksemda sitt styringssystem for informasjonssikkerheit (ISO27001). Artsdatabanken sende svaret unntake offentlegheit i samband med 2. tertialsrapport.

Artsdatabanken har medverka til oppfylling av måla i samordningsstrategien og digitaliseringsstrategien. Vi har også medverka til vidare samordning av plattform for fagapplikasjonar og administrative støttesystem.

Vi er innlemma i felles IKT-drift og felles arkivdrift, sikkerheitsforum IKT og samhandlingsforum HR og personal. Vi deltek både på operativt og strategisk nivå i forum som er knytte til økonomi, løn, rekneskap, tekniske støttetenester og innkjøp.

Når det gjeld arkiv, har det gjennom året blitt arbeidd med å erstatte denne ordninga med eInnsyn, noko som er eit ønske frå Klima- og miljødepartementet. I tillegg har det blitt lagt vekt på å etablere eFormidling for å kunne sende dokument digitalt på ein trygg måte. Vi reknar med å få dette på plass tidleg i 2023.

IV.4. Likestilling og diskriminering

Artsdatabanken jobbar for likestilling og mot diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksualitet, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk eller ein kombinasjon av desse grunnlag.

I lønspolitikken vår er det understreka at vi har som mål å bidra til at kvinner og menn blir behandla likt. I 2021 blei dette blant anna veklagt i samband med dei lokale lønsforhandlingane om hausten. Minst ein gong per år blir det utarbeidd ei oversikt over gjennomsnittsløn for menn og kvinner innanfor dei ulike stillingskodane.

Det er utarbeidd rutinar i samband med rekruttering for å unngå diskriminering på grunn av etnisitet og religion.

Kjønnslikestilling – tilstand	Totalt	Menn	Kvinner
Tal på tilsette	36	18	18
Mellombels tilsette	3	2	1
Tilsette deltid	2	1	1
Gj.sn. veker foreldrepermisjon	35,2	0	35,2

Kjønnsbalansen i Artsdatabanken er meget god, også for mellombels tilsette. Tilsette som arbeider deltid gjer dette etter eget ønske. Gjennomsnittleg veker foreldrepermisjon er gjennomsnitt for dei to kvinnelege tilsette som har hatt foreldrepermisjon. Ingen av dei mannlige tilsette har hatt denne type permisjon i 2022.

Kjønnslikestilling	Tot. forskj.	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner
Gjennomsnittslønn - differanse	100 451	751 656	651 205	36	18	18
1062 Direktør				1	1	0
1087 Overingeniør				3	2	1
1181 Senioringeniør				5	4	1
1211 Seksjonssjef				4	3	1
1363 Seniorkonsulent				2	0	2
1364 Seniorrådgiver	32 875	706 761	673 886	15	6	9
1434 Rådgiver				6	2	4

I og med at det må være minst fem av quart kjønn i ei gruppe for at resultatet kan offentleggjera i årsrapporten, er det berre for stillingsgruppe 1364 og gjennomsnittsløn totalt for Artsdatabanken at lønnsforskjellen kan takast med i tabellen. Dei ulike stillingsnivåa er laga med utgangspunkt i vedlegg til lokal lønnspolitikk for Artsdatabanken. Forskjell i total lønn mellom kjønna påverkast av at det er fleire menn enn kvinner i leiarstillangene.

I 2023 vil det bli arbeida meir aktivt med å identifisere risikoer som kan hindre likestilling og føre til diskriminering. Arbeidet vil gjennomførast i tett samarbeid med dei tillitsvalde.

Høsten 2022 inngjekk Artsdatabanken ein avtale med NAV om arbeidsutprøving der ei fikk praksisplass og blei tilsatt med lønstilskot.



Foto: Kjell Alfred Kristiansen, CC BY 4.0

Del V Framtidsutsikter

Samfunnet sitt behov for kunnskap om naturmangfald aukar som følgje av den aukande merksemda om endringane som skjer i naturen, og følgjene dette kan ha for menneskeleg velferd.

Samtidig som det er behov for *meir* kunnskap, kjem det også krav om at vi må ha *better* kunnskap, og at han skal vere tilgjengeleg.

Partane bak konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) la vekt på dette i den nye naturavtalen (Kunming-Montreal-rammeverket for biodiversitet) som blei vedteken i desember 2022. I mål 21 i avtalen slår dei fast at det er nødvendig å «sikre at dei beste tilgjengelege data og den beste tilgjengelege informasjonen og kunnskapen er tilgjengeleg for avgjerdstakrar, brukarar og offentlegeheita». Avtalen har aktualisert Artsdatabanken si rolle som nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald, og understrekar behovet for Artsdatabanken sitt samfunnsoppdrag i arbeidet med å nå dei nasjonale og internasjonale måla mellom anna når det gjeld naturmangfald.

Artsdatabanken si rolle inneber at vi er avhengige av at vi samarbeider godt både med primærprodusentar av kunnskap innanfor akademia, med frivillige organisasjonar og med privatpersonar. Arbeidet med å legge til rette for desse aktørane er ein sentral premiss for måloppnåinga vår.

Som tidlegare nemnt, i kapittel II.3, er eit anna særtrekk ved Artsdatabanken at mange av produkta våre, til dømes raudlistene og Framandartslista, blir utarbeidde i tett samarbeid med mange eksterne ekspertar. Det å legge til rette for effektiv kommunikasjon med og gode rammevilkår for desse ekspertane er grunnleggjande for at vi skal kunne utføre oppgåvene vi har fått gjennom mandatet vårt. Dette er noko vi vil satse på å forbetre i åra som kjem.

Sentralt i samfunnsoppdraget vårt er å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskap om naturtypar, artar og populasjonar (genetisk variasjon). Dette gjer vi i stor grad gjennom nettstaden vår, artsdatabanken.no. I åra som kjem, er det viktig at vi blir betre til å presentere kunnskapen vi samlar inn og samanliknar, og det ber strategien vår 2022–2024 preg av. I løpet av dei neste åra vil vi derfor sjå på korleis ein ny nettstad bør sjå ut.



Foto: Arnstein Staverløkk, NINA. Lisens: CC BY-SA 4.0.

Mange av fagsystema våre er utvikla spesielt for Artsdatabanken av interne ressursar saman med innleidde IT-konsulentar. Det er viktig at vi i løpet av dei neste åra ser på korleis vi set utvikling av systema inn i eit felles rammeverk, og korleis vi på sikt reduserer den tekniske gjelda monaleg.

Samfunnsoppdraget til Artsdatabanken er aktuelt som aldri før, og det er viktig at vidareutviklinga av Artsdatabanken skjer på ein planmessig og heilskapleg måte, særleg i lys av dei økonomiske utsiktene.

Del VI Årsrekneskapen

VI.1. Leiarkommentar årsrekneskapen 2022

Formål

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfold i Noreg. Den viktigaste oppgåva Artsdatabanken har, er å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskap om naturtypar, artar og populasjonar (genetisk variasjon). Artsdatabanken skal ha ei fri og uavhengig stilling i alle faglege spørsmål.

Stadfesting

Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og retningslinjer frå Klima- og miljødepartementet. Rekneskapen gir eit dekkjande bilet av Artsdatabanken sine disponible midlar, rekneskapførte utgifter, eidealar og gjeld.


Vurdering av vesentlege forhold

I 2022 har Artsdatabanken disponert løyvingar over kap. 1411 på til saman 72,0 mill. kroner. Dette omfattar overførte summar frå 2021 på til saman 1,0 mill. kroner.

På kap. 1411 post 01 var løyvinga totalt på 33,7 mill. kroner i 2022. Artsdatabanken har rekneskapført 32,0 mill. kroner.

På kap. 1411 post 21 var løyvinga på 10,7 mill. kroner. Utgiftene summerer seg til 10,5 mill. kroner. På kap. 1411 post 70 var løyvinga på 27,6 mill. kroner. Utgiftene blei 26,3 mill. kroner.

Artsdatabanken har motteke løyvingar og fullmakter over kap. 1410 post 21 på til saman 18,9 mill. kroner. Av dette er 1,3 mill. kroner i form av belastningsfullmakt frå Miljødirektoratet. Artsdatabanken har i løyvebrevet frå Klima- og miljødepartementet, og dessutan ekstra løyvebrev av 25.03.2022 fått høve til å belaste kap. 1410 post 21 med 17.6 mill. kroner. Det er nytta 16.7 mill.



Naturhistorisk museum, UiO. Lisens: CC BY 4.0

kroner av dette. Dei største utgiftspostane på dette kapittelet er Natur i Noreg og arbeidet med økologisk grunnkart.

I tillegg har Artsdatabanken motteke ei belastningsfullmakt på 0,6 mill. kroner frå Miljødirektoratet på kap. 1420 post 21.

Artskontorrapporteringa viser netto rapporterte utgifter til drift tilsvarende 60,6 mill. kroner. Av dette utgjer 28,1 mill. kroner utgifter til løn. Utgiftene til løn er mindre enn i 2021, noko som i hovudsak kjem av endra pensjonsinnskot til Statens pensjonskasse.

Revisjon

Riksrevisjonen stadfestar årsrekneskapen for Artsdatabanken. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato. Revisjonsmeldinga vil truleg vere klar i løpet av 2. kvartal 2023. Meldinga vil bli publisert på Artsdatabanken sine nettsider så snart revisjonsmeldinga er motteken.

Aina Bartmann
styreleiar

Bjarte Rambjør Heide
Direktør

Årsrekneskapen er elektronisk godkjend i digitalt styremøte

VI 2 Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Artsdatabanken er utarbeidd og levert etter nærmere retningslinjer fastsette i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærmere føresegner i rundskriv R-115 av desember 2022 frå Finansdepartementet.

Oppstillinga av løvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- Rekneskapen innehold alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjettet verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten av året blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste eit kapittel eller ein post hos ei anna verksemrd (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

Gitte belastningsfullmakter er tekne med i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Gitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta, og blir derfor ikkje vist i kolonnen for rekneskap. Dei gitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorrapportering med notar viser rekneskapstal som er rapporterte til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artskontorrapporteringa *Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen* bokførte tal frå kontospesifikasjonen for verksemda i kolonnen *Spesifisering av bokført avregning med statskassen*. Noten viser skilnaden mellom beløp verksemda har bokført på egedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen for verksemda (under dette saldo på kunde- og leverandørreskontro), og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomværet med statskassen.

Verksemda har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i føresegner om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnehene punkt 3.3.2, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnehene punkt 4.4.3, er bokførte. Føresegnehene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørsgjeld i kontospesifikasjonen.

Oppstilling av løyerapportering 31.12.2022

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2022	Merutgift (-) og mindreutgift
1410	Kunnskap om miljø	21.	Miljødata	A,B	17 622 000	16 744 763	877 237
1411	Artsdatabanken	01.	Driftsutgifter	A,B	33 688 000	31 994 899	1 693 101
1411	Artsdatabanken	21	Spesielle driftsutgifter	A,B	10 656 000	10 488 151	167 849
1411	Artsdatabanken	70	Tilskudd til arter og naturtyper	A,B	27 636 000	26 297 000	1 339 000
1410	Kunnskap om miljø, belastningsfullmakt Miljødirektoratet	21	Miljødata	A,B	1 300 000	1 106 927	193 073
1420	Miljødirektoratet belastningsfullmakt	21	Spesielle driftsutgifter	A,B	590 000	503 796	86 204
1633		01	Nettoordning for mva i staten		0	4 609 543	
<i>Sum utgiftsført</i>					91 492 000	91 745 080	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2022	Merinntekt og mindreinntekt(-)
4411	Artsdatabanken	02	Diverse inntekter	B	234 000	135 334	-98 666
5309		29	Tilfeldige inntekter		0	42 638	
5700		72	Arbeidsgiveravgift		0	3 450 196	
<i>Sum inntektsført</i>					234 000	3 628 168	
Netto rapportert til bevilningsregnskapet							
Kapitalkontoer						88 116 911	
60095001	Norges Bank KK / innbetalinger					1 060 750	
60095002	Norges Bank KK/utbetalinger					-89 199 892	
714414	Endring i mellomværende med statskassen					22 230	
<i>Sum rapportert</i>						0	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12.)

		18.12.2022	31.12.2021	Endring
xxxxxx	[Aksjer]	0	0	0
714414	Mellomværende med statskassen	-1 150 061	-1 172 291	22 230

* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle gitte belastningsfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapitte). Sjå note B *Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år* for nærmere forklaring.

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingane i år	Samla tildeling
141101	591 000	33 097 000	33 688 000
141121		10 656 000	10 656 000
141170	477 000	27 159 000	27 636 000
141021	356 000	17 266 000	17 622 000
141021*		1 300 000	1 300 000
142021*		590 000	590 000

*belastningsfullmakter mottekne frå Miljødirektoratet

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
1410.21		877 237	877 237				877 237		
1411.01		1 693 101	1 693 101				1 693 101	1 654 850	1 654 850
1411.21	«kan overføres» kan nytties under post 70	167 849	167 849	-98 666			69 183	69 183	69 183
1411.70	«kan overføres» kan nytties under post 21	1 339 000	1 339 000				1 339 000	1 339 000	1 339 000
4411.02		-98 666	-98 666	98 666			0		

*Maksimalt beløp som kan overførast er 5% av årets bevilgning på driftspostane 01-29, unntek post 24 eller sum av dei siste to års løyve for poster med stikkordet «kan overførast». Sjå årlig rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottekne belastningsfullmakter (gjeld for både utgiftskapittel og inntektskapittel)

Artsdatabanken har fått to belastningsfullmakter frå Miljødirektoratet: på kr 1 300 000 på kapittel 1410 post 21 og på kr 590 000 på kapittel 1420 post 21.

Stikkordet «kan overførast»

Artsdatabanken sine løyvingar på følgjande kapittel og postar er gitt med stikkordet «kan overførast»:

- kap. 1411 Artsdatabanken post 70 Tilskot til artar og naturtypar
- kap. 1411 Artsdatabanken post 21 Spesielle driftskostnader

Stikkordet «kan nyttast under»

- kap. 1411 post 21, «kan nyttast under post 70»
- kap. 1411 post 70, «kan nyttast under post 21»

Kap. 1411 postane 21 og 70 skal sjåast i samanheng, slik at ein ser grunnlag for overføring og maksimalt overførbart beløp i samanheng. Dermed vil restbeløp på dei respektive postane kunne overførast til 2022.

Tildelingar på andre kapittel enn etaten sine eigne:

Artsdatabanken har fått tildelingar på kap. 1410 post 21

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

Artsdatabanken har fullmakt til å overskride løyvingane under kap. 1411 post 21 mot tilsvarende meirinntekter under kapittel 4411 post 02

Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2022			
		2022	2021
Driftsinntekter rapportert til bevilningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	135 334	270 666
Salgs- og leieinnbetalinger	1	0	0
Andre innbetalinger	1	0	0
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>		135 334	270 666
Driftsutgifter rapportert til bevilningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	28 062 634	28 523 328
Andre utbetalinger til drift	3	32 642 592	35 518 732
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		60 705 226	64 042 060
Netto rapporterte driftsutgifter		60 569 892	63 771 394
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	131 957	173 938
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	1 353	1 887
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		133 311	175 825

Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		133 311	175 825
--	--	----------------	----------------

Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	0	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0

Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	26 297 000	25 120 000
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		26 297 000	25 120 000

Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *

Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		42 638	42 945
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		3 450 196	3 493 929
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		4 609 543	5 430 561
Netto rapporterte utgifter på felleskapitler		1 116 709	1 893 686

Netto rapportert til bevilningsregnskapet		88 116 912	90 960 905
--	--	-------------------	-------------------

Oversikt over mellomværende med statskassen **

		2022	2021
Fordringer på ansatte		0	0
Kontanter		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-1 102 029	-1 106 183
Skyldige offentlige avgifter		-48 032	-66 108
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse		0	0
Mottatte forskuddsbetaler		0	0
Lønn (negativ netto, for mye utbetalt lønn m.m.)		0	0
Differanser på bank og uidentifiserte innbetalinger		0	0
Sum mellomværende med statskassen	8	-1 150 061	-1 172 291

* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov. Se veiledering over hva som skal inngå som en del av mellomværende med statskassen.

Note 1 Innbetalingar frå drift

	31.12.2022	31.12.2021
<i>Innbetalingar frå gebyr</i>		
Sum innbetalingar frå gebyr	0	0
<i>Innbetalingar frå tilskot og overføringer</i>		
Tilskot frå andre statlege verksemder	135 334	270 666
Sum innbetalingar frå tilskot og overføringer	135 334	270 666
<i>Sals- og leigeinnbetalingar</i>		
Sum sals- og leigeinnbetalingar	0	0
<i>Andre innbetalingar</i>		
Sum andre innbetalingar	0	0
Sum innbetalingar frå drift	135 334	270 666

Note 2 Utbetalingar til løn

	31.12.2022	31.12.2021
Løn	23 303 884	22 409 856
Arbeidsgivaravgift	3 450 196	3 493 929
Pensjonsutgifter*	1 634 300	2 695 653
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-925 416	-550 860
Andre ytingar	599 671	474 750
Sum utbetalingar til løn	28 062 634	28 523 328
Utførte årsverk:	30,93	31,88

*Nærare om pensjonskostnader

* Pensjonar utgiftsføres i artskontorrapporteringen. Premiesatsen for arbeidsgiverandelen utgjorde i 2022 8,2 prosent (arbeidsgiverandel av pensjonspremien/pensjonsgrunnlaget i 2022 rapportert til SPK).

For rekneskapsåret 2021 nyttar verksemda ein forenkla modell for premiebetaling, noko som innebar betaling av ein fast premiesats for arbeidsgiverandelen på 12 prosent.

Forklaring til endringa av arbeidsgivardel mellom 2021 og 2022: Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler alle statlege verksemder ein verksemddsspesifikk hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemddsspesifikk, betyr at han blir berekna ut frå kvar enkelt verksemds forhold, ikkje for grupper av verksemder samla. At den er hendingsbasert, betyr at han tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er *ajour i forhold til oppteninga til medlemmen. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Pensjonspremien for 2022 er baserte på ein oppdatert årsprognose frå SPK. I denne prognosene er det nytta lik lønnsvekst for alle tilsette i berekninga av pensjonspremie i staden for individuell lønnsvekst. Dette kjem av at individuelle lønnspåslag ikkje var klar i tide til å bli inkludert i terminfakturaen for 6. termin 2022 frå SPK. Verknaden av individuelle lønnspåslag vil derfor først inngå i premiefakturaen for 1. termin 2023. Bruk av oppdatert årsprognose for rekneskapsføring av pensjonspremie i 2022 gir følgjeleg ikkje eit heilt rett bilet av faktisk pensjonspremie i 2022. Faktisk pensjonspremie for 2022 og 2023 blir riktig totalt sett, men fordelinga mellom dei to rekneskapsåra vil ikkje vera heilt presis.

Styrehonarar	31.12.2022	31.12.2021
--------------	------------	------------

Utbetalt styrehonorar**	115 408	56 787
-------------------------	---------	--------

**Styrehonarar for styremøte i desember 2021 blei utbetalt i 2022

Note 3 Andre utbetalingar til drift

	31.12.2022	31.12.2021
Husleige	2 169 890	2 080 868
Vedlikehald eigne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	0	0
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	530 078	597 343
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr osb.	0	2 792
Mindre utstyrssinnkjøp	311 986	157 519
Leige av maskiner, inventar og liknande	2 095 342	2 346 647
Kjøp av konsulenttenester	3 274 765	1 581 962
Kjøp av andre framande tenester	22 595 205	27 479 390
Reiser og diett	473 542	228 058
Andre driftsutgifter	1 191 784	1 044 153
Sum andre utbetalingar til drift	32 642 592	35 518 732



Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2022	31.12.2021
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 353	1 887
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	1 353	1 887

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	20.12.2022	31.12.2021
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle eidegar og liknande	0	0
Tomter, bygningar og annan fast eiedom	0	0
Infrastruktureidegar	0	0
Maskiner og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	131 957	173 938
Sum utbetaling til investeringar	131 957	173 938
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringar i aksjar og partar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

	20.12.2022	31.12.2021
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	0	0

Note 7 Tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten

	20.12.2022	31.12.2021
Tilskot universitet	26 297 000	25 120 000
Sum tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten	26 297 000	25 120 000

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

		31.12.2022	31.12.2022	
		Spesifisering av <u>bokført</u> avregning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellom- værende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler				
	Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
	<i>Obligasjoner</i>	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidler				
	Kundefordringer	0	0	0
	Andre fordringer	0	0	0
	Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Langsiktig gjeld				
	Annen langсktig gjeld	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld				
	Leverandørgjeld	0	0	0
	Skyldig skattetrekk	-1 102 029	-1 102 029	0
	Skyldige offentlige avgifter	-48 032	-48 032	0
	Annen kortsiktig gjeld*	-628 609	0	-628 609
	<i>Sum</i>	-1 778 670	-1 150 061	-628 609
Sum		-1 778 670	-1 150 061	-628 609

* Faktura motteke i 2022, som er utbetalt i 2023

